

Kor vart dei av, blomzengene?



VISEMAKERIET
Freddie Langrind

V

V

V

V

V

V



Kor vart dæi av, blomængengæ?

Eg streifar gjerne rundt i lendet på sykkel og får syn for nære ting. Eg ser at vi effektivt friserer bort dei gamle blomeengene. Og grøftekantar renskast pr. stillingsinstruks straks blomene rekk oss til ankelen. Tenker vi då på at alt det frodig-vakre er humlas matfat? Og humla vil vi gjerne ha. Ho er vår viktigaste bestøvar av frukt, bær og grønnsaker. Kvifor bekymringen? Jo, eg er programforplikta; ei god kvinne ga meg ein gong tilnamnet **humlegut** ...

----- G6 ----- G6 F/D

Kor vart dei av, blo-me - eng - e - ne i

5 G/D (G6/D) F/D G6 F/D

full - endt far - ge - flor? Eg min - nest tid - er dei ein gong song ein

9 G/D (G6/D) F/D Fmaj7 G6

som - mars vil - le kor, ein som - mars vil - le kor.

Kor vart dei av, blomeengene i fullendt fargeflor?
 Eg minnest tider dei ein gong song ein sommars ville kor,
 ein sommars ville kor.


Kor vart dei av, fagerklokkene og vesle natt-og-dag?
 Dei syng så klårt som ein atterljom av fjerne draumedrag,
 av fjerne draumedrag.

Kor vart dei av, tiriltungene, som bluss på eng og mo?
 Maria bar dei på ferdafot som gylne jomfru-sko,
 som gylne jomfru-sko.

Kor vart dei av, prestekragane, dei kvite balderbrå?
 Og kronblad-kransen som freista meg min lagnadsferd å spå,
 min lagnadsferd å spå.

Kor vart det av alle fargespel i gult og blått og rødt?
 Og vindens livsleik i siv og strå og valmuvide skjørt,
 og valmuvide skjørt.

Kor vart dei av, alle humlene? Når tok ein sommar slutt?
 Eg minnest ho som i blome-rus fann meg som humlegut,
 fann meg som humlegut.



... og dei søtaste bæra veks på same karrige grunn

Fra samlingen «**OLA FRENDES 100 ALMUEVISER**»

Grøfteveven

Ola gir øyeblikksnavn til planter i veikanten,
ikke for den offisielle flora, men som sin egen sanse-regle

Melodi: Blåmann

Grøftevevens skyttel slår
gode gaver år for år.
Blomstervei så langt i lei.
Bukke-nikke. Nikke-nei.

Navnløs ferd skal ingen ha.
Grøfterose. Hjerteblad.
Ridder-ranke. Sildreflor.
Fagerflette. Frennespor.

Vinden gjør sitt harpespill.
Dåretusse. Vrimmelvill.
Solen synger uten lyd.
Morgenstjerne. Aftenfryd.

Sommersødme. Soleglad.
Engleøye. Perlerad.
Grøftevevens skyttel slår
gode gaver år for år.



WWW.VISEMAKERIET.NO
WWW.FREDDIE-LANGRIND.COM

E-post: freddie.langrind.enivest.net - Mobil 481 44 047